



Frå konfirmantane si tekstlesing og lystenning under den vakre lysmessa.

**Dei fekk ein særdeles fin inngang til adventstida alle dei som deltok under lysmessa i Uskedal kyrkje i ettermiddag. Eit framifrå samarbeid mellom soknepresten vår Lina Håland og dei flinke konfirmantane skapte ei flott messe både i innhald og ramme. I tillegg fekk kyrkjelyden vera med på ein svært fin dåpsseremoni.**



Inngangsprosesjon med klokkar Erlingur Nielsson framst.

Då eg overvar førebuinga til lysmessa opplevde eg svært god og roleg stemning mellom dei 12 konfirmantane og soknepresten.. Konfirmantane fulgte konsentret med medan sokneprest Lina Håland gjekk gjennom det kvar einskild skulle delta på under gudstenesta.

Gudstenesta starta med inngangsprosesjon der dagens klokkar Erlingur Nielsson førte dei lysberande konfirmantane opp kyrkjegolvet. Utover i gudstenesta deltok konfirmantane med inngangsord, lystenning og tekstlesing. Iført dei kvite konfirmantkappene vart dette framført på ein vakker og verdig måte. For eit flott konfirmankull vi har!!

Den flinke soknepresten vår, Lina Håland, og organisten, Eva Megyesi, skal også ha kvar sin del av æra for den gode adventsstemninga som fylte kyrkja. Presten preika ut frå teksten i Matt. 21, eigentleg ein påsketekst som fortel om inntoget til Jerusalem, men som også kan knytast til adventstida. Det var ei positiv og god preike.



[Frå den flotte stunda då soknepresten song for dåpsbarnet.](#)

Oliver Sæle Ramstad, son til Elisabeth Sæle og Lars Håkon Ramstad, vart døypt i dag. Ekstra flott vart denne seremonien då soknepresten tok dåpsbarnet i armkroken og song vakkert til vesle Oliver. Lysmessa vart avslutta ved at konfirmantane gjekk først i utgangsprosesjonen av ein adventsstemt kyrkjelyd medan salmen **La oss vandre i lyset** vart sunge til orgeltonane til Eva Megyesi.

Det var takkeoffer til Uskedalen Yngste røyser.





Frå utgangsprosesjonen med soknepresten fremst.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.